


**Sørlandsbanen (Egersund) – Stavanger,  
Sandnes – Nærbø**

**Kommunedelplan med konsekvensutgreiing,  
Planføresegner Time kommune**

04A	Punkt p i kap 6 er flyttet til kap 2	11.08.2025	HVINAN	MN	JOHERI	
03A	Oppdatert iht A02.11 i Merknadsdokumentet	01.08.2025	JOHERI	MN	JOHERI	
02A	Oppdatert etter off. ettersyn	30.04.2025	HVINAN	MN	JOHERI	
01A	Høringsutgave	30.06.2023	NFH	Lars R	Erik P. J	
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Utarb. av	Kontr. av	Godkj. av	
<b>Sørlandsbanen (Egersund) – Stavanger, Sandnes- Nærbø</b>  <b>Kommunedelplan med konsekvensutgreiing Planføresegner Time kommune</b>		Sider:				
		<b>5</b>				
		Produsert av:				<b>Bane NOR SF</b>
		Prod. dok. nr.				
		Erstatter:				
		Erstattet av				
Prosjekt: Utbygging Sandnes – Nærbø Prosjektnr.: 965017		Dokumentnummer: <b>USN-00-A-00157</b>		Revisjon <b>04A</b>		
		Drift dokumentnummer:		Drift rev.		

# Planføresegner og retningslinjer

## Time kommune

### 1. Planens hensikt

Kommunedelplanen sitt formål er å setta fast trase for dobbeltspor for jernbanen mellom Nærbø og Sandnes.

### 2. Føresegner for heile planområdet

#### Plankrav (pbl § 11-9, pkt. 1)

Kommunedelplanen skal følgast opp med reguleringsplan, jf. pbl § 11-9 og § 12-1. Det skal regulerast jernbaneanlegg med tilhøyrande stasjonsområde, åtkomstar til stasjonsområdet, drifts- og tilførselsveggar, gang- og sykkelveggar, teknisk støtteareal, grønstruktur, mellombels anlegg for rigg og drift og andre nødvendige tiltak og anlegg inkl. deponi, samt tiltak som tek omsyn til omgivnadane, derunder støyttiltak, omforming av sideterreng og andre miljøtiltak

#### Kulturminne (pbl §11-9, pkt. 7)

Rogaland fylkeskommune har ikkje grunnlagsmateriale for å kunna vurdere graden av konflikt mellom automatisk freda kulturminne og foreslått arealdisponering, før de nødvendige undersøkingar er gjennomførte. Kulturminnemyndigheita kan ikkje si seg einige i arealbruken på kommunedelplannivå, jf. Lov om kulturminne § 8, 4.ledd.

### 3. Føresegner til arealformål (pbl §11-7, pkt. 2)

Arealformåla og omsynssonene innanfor planområdet for dobbeltsporet mellom Nærbø og Sandnes blir vist i kommuneplanen sin arealdel for Time, Hå, Klepp og Sandnes kommune og dessutan kommunedelplan for Bryne sentrum. Føresegner og retningslinjer til desse arealformåla og omsynssonene følgjer av dei høvesvise planane. Ved motstrid går denne planen føre.

#### 3.1. Jernbane (SB)

Arealformål jernbane skal nyttast til dobbeltspor og tilhøyrande jernbaneformål.

### **3.2. Samferdsel (S)**

Bryne stasjon skal vidareutviklast som hovudknutepunkt for kollektivtrafikk. Det skal leggjast til rette for korte og gode omstigingar mellom kollektivmiddel.

Etter stenging av Hognestadvegen ved Nubben, skal trafikkfordelinga følgjast opp med trafikkteijing. Dersom stenginga gir større belastning enn berekninga frå 2024, og belastninga gir vesentleg ulempe, skal trafikksanerande tiltak vurderast i samhandling med kommunen.

## **4. Føresegner og retningslinjer til omsynssoner jf. Pbl § 11-8**

### **4.1. Sikringssone høgderestriksjonar H190 (pbl § 11-8, pkt. a)**

Innanfor omsynssona H190 "Høgderestriksjonar i restriksjonsplanen for Stavanger Lufthavn Sola, Avinors teikning ENZV-P-08", datert 12.03.2012, kan det ikkje etablerast hinder (bygningar, anlegg eller anna innretningar) som overstig kote 158 moh.

### **4.2. Flaum frå vassdrag H320\_1, (pbl § 11-8, pkt. a)**

#### **4.2.1. Avgrensing og definisjon**

Omsynssone H320\_1 omfattar aktsomheitsområde for flaum frå vassdrag, jf. Multiconsult rapport frå 2016.

#### **4.2.2. Krav til utgreiing og sikringstiltak**

Utgreiing skal gjerast ved regulering. Utgreiing av fare for flaum skal følge NVE sin rettleiar «Rettleiar sikkerheit mot flaum (2022 eller nyare oppdateringar).

For allereie gjennomførte utgreiingar skal sakkunnig vurdere om dei sikrar tilfredsstillande tryggleik mot flaum.

Naudsynte sikringstiltak må vere godkjende før, eller som ein del av, byggesaka og skal vere fullført før tiltaket kan takast i bruk.

#### **4.2.3. Dokumentasjonskrav ved bygging**

Ved tiltak innanfor H320\_1, skal det dokumenterast i byggesøknaden at tiltaket er sikra mot flaumskadar i tråd med gjeldande teknisk forskrift.

### **4.3. Flaum frå overvatn H320\_2, (pbl § 11-8, pkt. a)**

#### **4.3.1. Avgrensing og definisjon**

Omsynssone H320\_2omfattar aktsomheitsområde for flaum som følgje av overvatn, jf. Rapporten «Overvann Bryne - Hydrauliske berekningar med konsept for oppgraderingstiltak». (Dr Blasy – Dr Øverland 01.12.2020)

#### **4.3.2. Krav til utgreiing og avbøtande tiltak.**

Utgreiing skal gjerast ved regulering. Utgreiing av fare for flaumskal følge NVE sin rettleiar «Rettleiar Sikkerhet mot flaum» (2022 eller nyare oppdateringar).

For allereie gjennomførte utgreiingar skal sakkunnig vurdere om dei sikrar tilfredsstillande tryggleik mot flaum.

Naudsynte sikringstiltak må vere godkjende før, eller som ein del av, byggesaka og skal vere fullført før tiltaket kan takast i bruk.

**4.3.3.** Utgreiinga skal baserast på rapporten «Overvann Bryne - Hydrauliske berekningar med konsept for oppgraderingstiltak». (Dr Blasy – Dr Øverland 01.12.2020)

**4.3.4. Omsynssone bevaring av naturmiljø H560 (pbl § 11-8, pkt. c)**

**Verna vassdrag**

Orrevassdraget og Håelva skal forvaltast i samsvar med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.

**4.3.5. Omsynssone for bandlegging etter lov om Naturmangfald H720 (pbl. § 11-8, pkt. c)**

**Søndre Frøyland landskapsvern- og fuglefredingsområde skal tas omsyn til i vidare planlegging.** Fugleliv og biotop er freda innanfor området og i regulerte friområde som grenser til. Inngrep i strid med verneformåla er ikkje tillate.

**4.3.6. Omsynssone bandlagt i påvente av regulering H710 (pbl. § 11-8, pkt. d)**

Høgspenkablar KH710\_4

Innanfor området H710\_4 bandlagt i påvente av regulering, kan det ikkje tillatast arealbruk eller tiltak som kan koma i konflikt med etablering av mogleg framtidig trase for kraftleidning.

## **5. Føresegner til føresegningsområde (pbl §11-9)**

### **5.1. Område #1**

**5.1.1.** Innanfor området vert kollektivknutepunkt med stasjonsbygg, parkeringsanlegg for bil og sykkel, «kiss&ride», drosjetilbod, kiosk/bevertning eller liknande, samt gangbru over jernbanen tillate når dette ikkje er i konflikt med nødvendig areal for drift av jernbane med tilhøyrande funksjonar. Slik bruk vil verta avklart gjennom reguleringsplan.

**5.1.2.** Tryggleik, tilgjengelegheit og universell utforming skal ivaretakast.

## 6. Retningslinjer for reguleringsplanfasen

- a. *Byggegrenser langs jernbaneanlegget og offentlege veger fastsettast i reguleringsplan. Ved utvikling av kommunesenter, lokalsentre og nærsentre kan det være aktuelt å fastsette byggegrense tettare på jernbane enn generelle krav.*
- b. *Tiltaket skal optimaliserast ved regulering. Optimaliseringa skal blant anna utarbeide gode tilkomstfunksjonar ved stasjonane, sikre tilstrekkeleg handtering av vann, redusere støyulempe og redusere arealbeslag.*
- c. *Det skal utarbeidast en massehandteringsplan som omfattar volumberekningar, transport, mellomlagring og deponiområde. Deponiområda skal greiast ut og fastsettast i reguleringsplan.*
- d. *Det skal utførast detaljert kartlegging av grunnforhold, nedbør og grunnvatn. 200 års flaumnivå tillagt ein trygging-margin på 0,5 m skal leggjast til grunn ved dimensjonering av konstruksjonar, bygg og anlegg. Det skal etablerast anlegg for oppsamling, reinsing og bortleiing av overvatn frå konstruksjonar og jernbaneanlegg. Reguleringsplanane skal identifisere og sikra areal for handtering av overvatn. Konstruksjonar og anlegg skal formast ut slik at naturlege flaumveger blir bevarte og tilstrekkeleg tryggleik mot flaumskadar blir oppnådd. Det skal gjerast greie for korleis handteringa av overvatn og flaumveger er løyste. Ved regulering av tiltaket skal det utførast risiko- og sårbarheits-analyse som dokumenterer at avrenninga og avrenningshastigheita ikkje aukar som følgje av tiltaket.*
- e. *Utforming av stasjonar, tekniske bygg, kulvertar, bruer, sykkel- og fotgjengarsamband, og dessutan tilknytning til eksisterande gang- og sykkelvegnett skal ved vidare detaljutforming tilpassast nærliggjande bygde og naturlege omgivnadar. Omsynet til mjuke trafikantar i anleggsfase og ferdig tiltak skal sikrast.*
- f. *Støy langs jernbanetiltaket skal greiast ut i reguleringsplanfasen. T-1442 retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, eller nyare retningslinjer, blir lagde til grunn. D Det skal utarbeidast ein plan for handtering av støy i byggje- og anleggsfasen, i tråd med T-1442.*
- g. *Det skal utarbeidast en miljøoppfølgingsplan for anleggsfasen i samsvar med tiltakshavars retningslinjer for slik plan. Miljøtiltak skal setjast i verk og følges opp i samsvar med den til ein kvar tid oppdaterte miljøoppfølgingsplanen.*
- h. *Det skal utarbeidast en matjordplan for bruk av omdisponert dyrka areal. Planen skal avklare korleis matjord skal varetakast og lagrast, og korleis areala skal setjast i stand.*
- i. *Sidearealar til jernbaneanlegget skal opparbeidast med god terrengtilpassing og med vekt på overordna vegetasjonsetablering av stadeigne artar som kan reetablerast og forsterke gjennomgåande grøntdrag og viktige randsoner.*
- j. *Kulturminne og kulturmiljø. Konsekvensane for kulturminne skal søkjast minimert i reguleringsplanarbeidet.*
- k. *Ved vidare planlegging skal det strevast etter å utforme tiltaket for å minimere sårbarheit overfor klimarelaterte hendingar.*
- l. *I forbindelse med detaljregulering av dobbeltspor skal løysning for dagens undergang ved Bryne stasjon avklarast.*
- m. *I samband med detaljregulering av dobbeltspor skal stenging for biltrafikk dagens ved undergang ved Hognestadvegen, inkludert mildnande tiltak, verta vurdert.*
- n. *I samband med detaljregulering av dobbeltspor skal avgrensinga av området ved driftsbasen ha fokus og slik at han bidra til å auka opplevingskvaliteten av Jernbanegata.*
- o. *Belysning på stasjonar og langs jernbanespor, skal utformast for å redusera lysforureining. Belysninga skal ikkje gi unødvendig skade eller ulempe for naboane. Belysning skal minimerast for å unngå skade på naturmangfaldet.*